



Saksframlegg

Økonomirapportering pr. 1. mai 2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg

1 Finansrapport pr. 30.04.2025

Bakgrunn for saka:

I følge økonomireglementet skal kommunestyret ha rapport om den økonomiske stoda pr. 1 mai og 1. september. Finansrapport fylgjer også som vedlegg her slik det går fram av finansreglementet.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet

Den økonomiske stoda pr. 1. mai i år ser betre ut enn på same tid i fjor. Då meldte alle sektorar meirforbruk i høve til rammene, noko som ikkje er tilfelle i år. Alle sektorane er nå i tråd med budsjett og det er ikkje varsla store overforbruk. Det er nokre mindre avvik på enkelte områder men her blir det tett fylgd opp for å justere drifta slik at kvar sektor held sine rammer. I statsbudsjettet som vart vedteke etter at rammene her var lagt kom det ekstramidlar til bemanning i barnehage og sfo, for Fyresdal utgjorde dette 250 000 tilsaman. Desse midlane bør tilfalle sektor kultur og oppvekst for å fylgje dei sentrale føringane.

Lønsoppgjøret i kommunal sektor er nå ferdig og har ei ramme på 4.4%. Dei sentrale tillegg som skal ha virkning frå 1. mai utgjer 1,9%, noko som tilsei at den avsette lønsreguleringspotten på to millionar vil halde til å dekke oppgjøret i år. Justering av ramme vil ein kome tilbake til i neste økonomirapportering. Då vil også dei lokale forhandlingane om lønsjustering vere kjent og berekningane for kostnadane i kvar sektor blir då betre.

Det har vore mange og store saker i næringsfondet i år og midlane er nå bruka opp. For å ha midlar til å støtte ulike næringstiltak også resten av året bør ein løyve ekstra midlar. Det har kome ekstrainntekter frå sal av konsesjonskraft på om lag 750 000,- i år. Dette er på grunn av underrapportering i åra 2016 -2024 som nå er justera for av konsesjonskraftstyret. Dette er midlar som vi kan bruke til å styrke næringsfondet med utan at det går utover ordinær drift.

Sektor helse og omsorg har investert i fleire nye maskiner til kjøkken og vaskeri, samt at det har blitt iverksett arbeid med nødvendig oppgradering av signalanlegget på POS og tilhøyrande bustader. Her er det også fått eksterne midlar frå Husbanken på om lag halvparten av kostnaden. Kommunedirektøren har bruka av sine disponible investeringsmidlar med kr 625 000,- til desse føremåla, dette må det justerast for i rammene.

Årsrekneskapen for 2024 vart eit år med stort underskot og ein må dekke opp over 17 millionar i år. I saka om rekneskap 2024 har ein føreslege å dekke dette med bruk av ubruka lånemidlar, bruk av fond og reduksjon i investeringsbudsjettet for 2025. Dette gjer at disposisjonsfondet vil bli vesentleg redusert og vil nå vere på eit nivå som ligg langt under det som er anbefalt å ligge på. Det betyr at alle ekstraintekter som kan avsettast i løpet av 2025 bør avsettast til disposisjonsfond og at ein må vere svært restriktiv med vedtak som krev bruk av ekstra midlar. Reduksjonen i investeringar utgjer 4,6 millionar. Det er ikkje mange prosjekt ein kan redusere på då mykje er bruka allereie i pågåande prosjekt. Det ein kan ta vekk, som ikkje er påbegynt, er rehabilitering/nye bustader med 4,5 millionar og 0,1 million på digitalisering. Skulle det likevel bli behov for nye bustader i 2025 må ein vurdere å lånefinansiere dette.

Konklusjon:

Sektorane melder om mindre avvik i sine rammer men at det totalt sett ligg i tråd med budsjett. Den avsette potten til lønsoppgjør vil dekke auka lønskostnader i år. Det er heller ikkje vesentlege avvik i finansområdet, her ligg det så langt noko meirinntekter men dette er usikkert på årsbasis, difor vil ikkje dette bli justera for nå. Årsoppgjøret for 2024 hadde eit udekket beløp på over 17 millionar som må dekkast inn i år. Dette gjer at disposisjonsfondet er vesentleg redusert og er nå på eit lågt nivå for å vere tilfredstillande. Ekstraintekter utover budsjett må difor prioriterast å avsettast til disposisjonsfond i år og ein må vere restriktiv med nye tiltak som krev auke i løyvingar. Avsette midlar i investeringsbudsjettet til rehabilitering/nye bustader må trekkast tilbake i sin heilhet og noko av midlane til digitalisering for å dekke opp overforbruket i 2024. Ved behov for å gjere noko med bustader i 2025 må dette eventuelt lånefinansierast.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Kommunestyret tek den økonomiske stoda pr. 1. mai 2025 til vitande og justerar for fylgjande:

- Næringsfondet får tilført kr 750 000 med dekning frå ekstraintekt frå sal av konsesjonskraft.
- Ramma til sektor kultur og oppvekst aukast med kr 250 000 med dekning frå ekstra rammetilskot frå staten.
- Ramma til sektor helse og omsorg aukast med kr 330 000 med dekning frå kommunedirektøren sin disponible investeringspott.
- Nytt prosjekt i investeringsrekneskapen, signalanlegg på POS og tilhøyrande bustader, på kr 655 000,- vert dekt av tilskot frå Husbanken med kr 360 000 og kr 295 000 frå kommunedirektøren sin disponible investeringspott.
- Prosjekt, rehabilitering/nye bustader, i investeringsbudsjettet for 2025 vert trekt tilbake for å dekke opp udekket beløp frå 2024.
- Prosjekt, digitalisering, i investeringsbudsjettet for 2025 vert redusert med kr 100 000 for å dekke opp udekket beløp frå 2024.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Kjersti Bergland
	økonomi og stabssjef